

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 31.01.20

Vår ref. 116/20/EKE/5.7.1.3

Dykkar ref. 18/4914-11

Karmøy kommune

E-mail

## **KARMØY, STONGVEGEN – DETALJREGULERING 15/30 M.FL**

Viser til brev av 03.01.20, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Karmøy Fiskarlag.

### **Generelle merknader**

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar opplev å motta klagar frå bebuarar og fritidsbebuarar når dei utøver sitt arbeide. Det er viktig at ein respekterar fiskarane sin rett til si verksemd.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Det er viktig å ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.



**Stongvegen**

Det blir her søkt om å tilrettelegge for bustadbygging ved å regulere bort areal til *offentlig havn og havneområde i sjø* (avsatt til båtopptrekk).

Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i området i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Det blir derimot òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Fiskarlaget Vest visar til at det er fiskerihamn i området med tilhøyrande fiskeriaktivitet, inklusiv fiskeriaktivitet på nattestid. Like ved reguleringsområdet er det fiskemottak. Det må difor påreknast blant anna støy og lukt i området i periodar. Ein må vere klar over desse konsekvensane før ein eventuelt etablerer bustad i området. Etablert næring må ikkje fortregast av nye bustadar/tiltak.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest




Britt Sæle Instebø



Eirin Kongestøl Espeland

Kopi; Karmøy Fiskarlag  
Fiskeridirektoratet region Sør  
Fylkesmannen i Rogaland





FISKERIDIREKTORATET



60m

Isholmen

Varholmen

Årabrot

Selhamaren

Sjoensodden

Sjoenvegen

Sjoenvegen

Fiskeridirektoratet

+ NS9 25401, Ø5.17569

